



Harald Batalden vaks opp i Store-Batalden og var ferdig utdanna som ingeniør i 1902. Det uteksaminerte ingeniørkullet står på trappa framfor Trondhjems Tekniske Lærestalt, Harald heilt til venstre. Seinare arbeidde Harald til saman 11 år i ulike land i Sør-Amerika. Foto utlånt av Kjetil Gaustad, Trondheim.

Harald Batalden grew up in Store-Batalden and completed his engineering degree in 1902. The newly graduated class of engineers are standing on the steps of Trondhjems Tekniske Lærestalt (Trondhjem's Technical College). Harald is at the far left. Harald later worked for a total of 11 years in various South American countries.



På arbeid i Sør-Amerika

At work in South America

Ein person frå Batalden drog til Sør-Amerika. Det var Harald Batalden (f.1879), onkel til Øyvind Batalden. Han var den første frå Batalden som tok høgare utdanning. Først drog han til Bergen og som privatist tok han avgangseksamen ved Tanks middelskole i juli 1897.

Eksamensresultata var særst gode og Harald fekk lyst til å utdanne seg vidare. Han reiste så til Trondheim og begynte på Trondhjems Tekniske Lærestalt, forløparen til Norges tekniske høgskole. Studietida var fire år, og i juli 1902 vart Harald uteksaminert som ingeniør. Etter ein mindre jobb ved Tangen Brug i Stjørdal i 1902, reiste han til Amerika og arbeidde i to år i Wilmington i staten Delaware. I 1907 var han tilbake i Noreg att og var tilsett hos hamneingeniøren i Bergen eitt års tid.

Tida i Amerika hadde gjeve blod på tann og hausten 1908 fekk Harald innvilga utreiseløyve til Sør-Amerika: «Utvandring tillates paa betingelse av at den finder sted inden udgangen av november

1908» står det i løyvet frå Generalkrigskommissariatet i Kristiania. Dette var starten på det som skulle verte eit 11 års langt og innhaldsrikt opphald i Sør-Amerika.

Hovudarbeidet i Sør-Amerika var kartlegging og oppmåling av dei enorme jungelområda, som på den tid var kvite felt på karta. Det var viktig å skape tilgang til desse områda, der store mengder råvarer venta på å verte henta ut. I Sør-Amerika virka Harald delvis i lag med landsmannen og ingeniøren Niels Fermann Schach (f.1883). Dei to var mykje saman, både gjennom arbeidet og på fritida.

Elvane var den mest naturlege innfallsporten til dei ukjende områda, og ei tid arbeidde dei to med utforsking av Bermejo-floden nord i Argentina. Denne elva startar i Bolivia, og etter 1450 kilometer renn ho ut i den større Paraguayelva. Bermejo-floden renn gjennom det vidgjette jungelområdet Chacos, også kalla Det grønne helvete. På spansk har området nemninga El Impenetrable-jungelen, det vil seie den ugjennomtrengelege jungelen. Både dyrelivet og fiendtlege innfødde gav mange og konstante problem. Moskitoplaga var fæl, og i tillegg var det eit utal av andre insekt som også plaga dei til alle tider.



Dei to ingeniørane Harald Batalden og Niels Fermann Schach etablerte faste leirar for å kartleggje det uutforska jungelområdet i Chacos i Argentina. Dei hadde med seg mange hjelparar, både til arbeid og vaktbald. Midt i leiren heng eit digert jaguarskinn og strimlar med skinn til tork. Foto til venstre viser Harald sitt telt. På baksida står det: «Interiør fra mit telt. Ganske koselig hovud, for at være ute i vildmarken?» Alle foto vidare i dette kapittelet er ved Niels Fermann Schach og Harald Batalden.

The engineers Harald Batalden and Niels Fermann Schach established permanent camps to map the unexplored jungles of Chacos in Argentina. They had many assistants with them, both as guards and labourers. In the middle of the camp a large jaguar skin and other strips of hide hang to dry. The other photograph shows Harald's tent. On the reverse is written "The inside of my tent. Quite cosy is it not, to be out in the wilderness?" The remaining photographs in this chapter are by Niels Fermann Schach and Harald Batalden.





*Mykje av tida gjekk med til oppmålingsarbeid. Det
trôngst mange mann til dette, ikkje minst til å
rydde skog slik at dei fekk fri sikt til
oppmålinga. Eit lag er klart til å ta fatt
på dagens arbeid.*

*Much of the time was spent in
surveying. This required many
men, not least to clear the forest
so they could see their targets.
A team is ready to begin the
day's work.*





Elvane var einaste ferdsløvegen for frakt av større mengder varer, og det var flodbåtar av mange slag og storleikar i aktivitet. Ofte stengde store tre og røter for siglingsløpet, og arbeidsflåtar dreiv kontinuerleg oppreinskingsarbeid. Alle forsyningane til Harald og Niels sine leirar kom med elvebåt. På biletet over vart nye forsyningar bore i land.

The rivers were the only routes for transporting large quantities of produce and there were riverboats of many shapes and sizes at work. Large trees and roots often blocked the routes and fleets of workers strove continuously to clear them. All of Harald's and Niels' supplies came by riverboat. In the picture above new supplies are being carried ashore.





Dersom nokon skulle vere så uheldig å ramle ut i det brune elvevatnet, måtte dei vere snare til å komme seg opp. I vatnet vrimla det nemleg av store stimar med dei blodtørstige og glupske pirajafiskane. Desse små uhyra tok fort føre seg av alt kjøtt som hamna i elva, anten det var dødt eller levande. I tillegg låg alligatorar på lur der ein minst kunne vente det. Ved eit høve ramla to muldyr med ei lasta kjerre ut i elva. Det tok to–tre timar å få opp kjerra og muldyra, men då var det berre beingrinda att av muldyra. Pirajaene hadde effektivt reinska vekk alt kjøtet.

Dei lokale indianarane såg sjølvsgt på landmålarane og deira følgje som inntrengjarar, og det var mange konflikhtar. Ein gong overfall og drap indianarane to av arbeidarane til ingeniørane. Dette fekk ikkje passere utan represaliar. Ein straffeekspedisjon vart sendt ut i jungelen, og dessverre resulterte dette i drap av mange indianarar. Mellom anna vart to små jenter foreldrelause. Niels Fermann

Alligatorar, pirajafisk, slangar og ulike insekt utgjorde eit konstant trugsmål under arbeidet i jungelen. Denne alligatoren er fotografert frå ein elvebåt.

Alligators, piranha fish, snakes and many insects were a constant threat during the work. This alligator was photographed from a riverboat.

Schach tok ansvar for desse for ein periode, og sytte for mat, klede og anna, og at dei fekk ei viss form for skulegang. Då Schach reiste heim til Noreg, vart ei av jentene overlaten til ein familie i Mexico. Det er ikkje kjent kvar den andre jenta vart buande.

Harald førde jamleg dagbok, og den gjev også døme på at det var konflikhtar internt blant arbeidarane. Ein gong var det knivstikking mellom hestepassaren og ein overordna, og Harald skildrar det slik: «...då P. vilde gi ham en lusing tok hestepassaren til kniven som heldigvis gled mellom P's arm og side og kun skar et hul i støvfrakken. P. fikk tak paa ham



Caenguas del
Toro Blanco
Nov 1917 J.F.S.



Møtet med dei lokale indianarane var svært kontrastfylt. For det meste var indianarane venlegsinna, men dei såg også på ingeniørane og deira folk som inntrengjarar. Ved eit høve overfull og drap indianarane to av arbeidarane. Det førde til ein straffeekspedisjon mot indianarane, med mange døde indianarar som resultat.

Contact with the local indians was full of contrasts. They were usually friendly but looked upon the engineers and their people as invaders. At one point the indians attacked and killed two of the workers. This led to retaliatory expeditions with many dead indians as a result.



Etter ein straffeekspedisjon i jungelen vart to små jenter foreldrelause. Dei vart tekne hand om av Niels Fermann Schach, som mellom anna sytte for at dei fekk skulegang. Foto viser Schach og eine jenta, fleire år etter at ho miste foreldra.

Following a retaliatory expedition two small girls were orphaned. They were taken care of by Niels Fermann Schach who, amongst other things, saw to it that they received schooling. The photograph shows Schach and one of the girls, several years after she lost her parents.



Harald sin arbeidskollega Niels Fermann Schach var også ingeniør. Han arbeidde i mange land i Sør- og Mellom-Amerika i ein periode på 14 år.

Harald's colleague, Niels Fermann Schach, was also an engineer. He worked in many countries in South and Central America during a period of 14 years.

og kastede ham til jorden, men da han skulde ta kniven fra ham skar han seg stygt paa den ene haand». Etter mykje skriving om denne og andre hendingar avsluttar Harald med «Hvad skal enden paa dette bli?»

Då Harald sine oppdrag i Sør-Amerika gjekk mot slutten, måtte han søke om utreisevisum frå Argentina og fekk dessutan nytt pass for reisa heim. Passet vart skrivi ut den 26. juni 1919. Reisa til Batalden gjekk frå Buenos Aires via Danmark, England og Bergen. Etter heimkomsten til Noreg budde Harald først ei tid i Batalden. Seinare flytta han til Oslo og gifta seg med Pauline Schach, søster av Niels Fermann Schach. Harald var sia tilsett som ingeniør ved ulike bedrifter i Oslo-området. Han døydde i 1965.

Det er elles verdt å nemne at Schach var ein sær dyktig ingeniør og arbeidde i mange av landa i Sør-Amerika i løpet av dei 14 åra han var der. Då Schach seinare kom tilbake til Noreg vart han statsingeniør og hadde ansvar for mellom anna byggjinga av Fornebu lufthamn og Vigelandsparken. Niels F. Schach var ofte i Batalden på starten av 1900-talet og han var ein flittig fotograf. For han var kvardags-hendingane i Batalden interessante, og takka vere Schach finst det mange flotte foto frå ulike hendingar på denne tida.

Summary

Harald Batalden became an engineer and graduated in 1902. He held diverse jobs, amongst others in Delaware, USA, before travelling to Argentina to map and explore the deep jungles of Chacos. The area was also known as El Impenetrable – the impenetrable jungle. The great Bermejo River was the way in. Harald often worked together with his fellow engineer and countryman, Niels Fermann Schach. They had many dramatic experiences together, from being attacked by wild animals, snakes, alligators and vicious piranha fish, to fist and knife-fights between their workers. The most dramatic were fights with natives and the resulting loss of life. The mosquitoes were also a constant and terrible problem. Harald worked in various countries in South America for 11 years. After his return home to Norway he married and settled in Oslo. He worked as an engineer for various companies in the Oslo area and died in 1965.

Utvandra til Russland Emigration to Russia

Batalden hadde også emigrantar som drog austover. Frå Ulriksneset på Fanøya drog Fredrik Ulriksen (f.1858) og jenta han var trulova med til Russland i 1879. Dei reiste truleg først til Tsyponavolok ved Anekievalva på Fiskarhalvøya nordvest for Murmansk, der det var ein norsk busetting. I området var det stor fiskerikdom og gode pengar å tene for dei som dreiv fiske. Ein del år tidlegare hadde Fredrik sin onkel Ludvig Fredriksen (f.1832) frå Bygstad emigrert og busett seg i Tsyponavolok. Han var blant dei leiande fiskarane i busettinga, og hadde sendt brev til slekta i Noreg om det gode fisket.

Grunnlaget for den norske busettinga ved Anekievalva på Fiskarhalvøya vart lagt då tsar Alexander II tok over makta i Russland i 1855. Han ville fornye landet, og ønskte at meir av dei endelausa villmarksområda nord i Russland skulle folkast. Samstundes var det eit svært rikt vårtorskefiske nord på Kolahalvøya, og i 1860 kunne russiske forskarar melde om utømmelege fiskeressursar langs lapp-landskysten. Etter nokre år sette Alexander II derfor i verk ei rekke tiltak for at folk skulle busette seg langs kysten ved desse fiskerike havområda i nord. Eitt av siktemåla var også å få nordmenn til å etablere seg fast. Dei som ville busette seg i området fekk først fritak for skattar og verneplikt, og frå 1868 gjaldt også avgiftsfri handel, tollfri innførsel, rentefritt lån, rett til å felle 100 tre kvart år for å byggje hus og båtar, rett til fritt fiske og fangst, og rett til russisk statsborgarskap.

Desse tiltaka førde til at både russarar, nordmenn og finnar busette seg fast på Fiskarhalvøya og i området rundt. Frå starten av 1860-åra etablerte dei første nordmennene busettingar i Tsyponavolok og Vaidaguba på Fiskarhalvøya, og i tiåra etter 1870 kom det rett mange flyttande austover. Gjennom nokre år kring 1870 slo omlag 200 norske nybyggjarar og mest like mange finnar seg ned i området. Lappar og russarar kom det berre i mindre grad. Tsyponavolok utvikla seg til den største landsbyen på Fiskarhalvøya, og vart i stor grad prega av nordmennene dei kommande åra.

Ludvig Fredriksen sin halvbror Ulrik Fredriksen (f.1824) budde i Likkje-Batalden og seinare på Ulriksneset på Fanøya. Før Ludvig emigrerte til Fiskarhalvøya hadde han fiska mykje i Batalden om